


Trygg i Fjell

Skulesjefen, Fjell kommune



“Den nasjonale mobiliseringen mot mobbing viser at vi reagerer når våre barn og unge ikke har det bra. Dette er kanskje vår viktigste læring, og dette er samtidig en helt avgjørende forutsetning for at vi skal lykkes i vårt arbeid. Den kraften og viljen som ligger i oss alle, må brukes hver dag for at våre barn og unge skal trives og ha det bra.

Ikke bare på skolen, men på alle arenaer og miljøer de beveger seg i. Krenkelser, mobbing, trakassering og diskriminering stopper ikke ved inngangen eller utgangen til skoleporten. De slutter heller ikke ved en spesiell alder eller når vi slutter skolen.

Vi vet at krenkelser, mobbing, trakassering og diskriminering også skjer på mange arbeidsplasser og i fritidsmiljøer vi daglig befinner oss i. Dette er derfor et samfunnsproblem som må løses gjennom felles nasjonal innsats. Skolen har kraftfulle virkemidler og er en av de viktigste arenaene i denne innsatsen. Et trygt psykososialt skolemiljø er helt avgjørende for at alle elever skal føle seg inkludert...”

Frå innleiinga til NOU 2015:2 “Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø”

Målsettinga for Trygg i Fjell er å førebygge og å redusere omfanget av mobbing generelt i Fjell kommune – og å sikre at mobbing blir avdekket og handtert godt av alle som er i relasjon til barn og unge. I handlingsprogrammet for 2014 til 2017 er dette formulert som «Intensivera arbeidet mot mobbing» (punkt 67).

I Djupedalsrapporten (NOU 2015:2) legg ein til grunn at samfunnet både må ha ein nullvisjon om og ein nulltoleranse for mobbing. Dette synet ligg også til grunn for Trygg i Fjell.

Slagord:

Å stoppe mobbing krev innsats frå alle i Fjell

Visjon:

Lokalmiljø og fagmiljø i Fjell kjenner kvarandre og samarbeider i arbeidet mot mobbing og for eit trygt miljø for barn og unge

Mandat:

- Sikre og vidareutvikle kvaliteten i mobbearbeidet i skulane
- Utvikle og implementere ein «Fjell-modell» i arbeidet mot mobbing
- Møte og støtte "systema" utanfor skulen med tryggleik på skulens eigen kompetanse


Prosjektet har to hovudfokus; å sikre og å utvikle kompetansen i grunnskulen, samt å auke kompetansen hos alle aktørar som møter barn og unge i kommunen og bidra til at mobbing blir oppdaga og stoppa på alle andre arenaer. Prosjektet er planlagt som eit 5-årig prosjekt med evaluering etter 3 og 5 år, og der ein samlar informasjon i ein web-basert modell med oversikt over tiltak på aktuelle nivå.

Bakgrunn

Det har dei siste 10-15 år vore jobba aktivt mot mobbing i skulane i Fjell. Olweus-programmet vert i dag nytta av Knappskog, Landro, Misje og Ågotnes. Zero vert nytta av Bjørøy, Brattholmen, Foldnes, Hjelteryggen, Kolltveit, Liljevatnet, Skålevik, Tellnes og Ulveset. Respekt vert nytta av Fjell Ungdomsskule og Tranevågen Ungdomsskule.

Danielsen Barne- og Ungdomsskule Sotra og Sotra vidaregåande skule, har vedtekne planar mot mobbing. I tillegg nyttar Sotra vidaregåande programmet VIP (Veiledning og Informasjon om Psykisk helse hos ungdom), der mobbing er eit tema. Det er viktig at skulane har ein plan for sitt anti-mobbearbeid, men det er ikkje nok.

Etter ein dialog med mellom anna Komite for drift og alle skuleleiarane hausten 2013, tok skulesjefen i januar 2014 initiativ til å starte eit prosjekt for å intensivere arbeidet mot mobbing i Fjell kommune. Det vart nedsett ei kompetansegruppe med deltakarar med særleg og relevant kompetanse frå skulefeltet, supplert med ein kommunepsykolog og ein frå rettleiarteamet for barnehagar. I ettertid er kompetansegruppa supplert med rektor frå Danielsen skule og elevinspektør frå Sotra vidaregåande skule.



Kompetansegruppa fekk i oppdrag å ta tak i **all** mobbing barn og unge blir utsett for. Dette måtte innebære alle plassar der barn og unge oppheld seg (i skulen, på fritida og heime - og på «nett»), alle aktørar som møter barn og unge, og heile aldersspennet frå dei går i barnehagen og til dei blir vaksne.

For å kunne nå alle barn og unge overalt, vart det frå starten planlagt samarbeid med ei referansegruppe som skulle representere alle aktuelle aktørar, både innan det offentlege og innan frivillig sektor. Etterkvart er dette blitt til to referansegrupper, ei med offentlege samarbeidspartnarar der mellom anna politi, kultursjef og hjelpetenester for barn og unge er med. Den andre referansegruppa har aktørar frå ulike råd og organ, som til dømes Ungdom med MOT, Ungdommens kommunestyre og Idrettsrådet, samt politikarar frå Komité for drift.

I tillegg vart det tidleg etablert ei gruppe der ein samla skulane sin spisskompetanse på arbeid mot mobbing og på klasseleiing (KAMP-gruppa – sjå seinare).

Kunnskapsgrunnlag

Forsking på konsekvensar av mobbing viser at mobbing påverkar livskvalitet og fungering inn i vaksenlivet (Sigurdson, 2014). Langtidsundersøkingar viser at mobbing i barne- og ungdomsår gir psykiske og fysiske plager i vaksenlivet. Det er funne samanheng mellom det å ha vore involvert i mobbing (både som mobba og mobbar) på områder som lågare utdanning, dårlegare fungering i parforhold, dårlegare fungering i jobb, dårlegare sjølvrapportert helse, meir smerteplagar og hovudverk, samt høgare bruk av lovlege og ulovlege rusmiddel.

Mobbing inneber mellom anna å gi negative meldingar om korleis ein ser ut og om korleis ein er som menneske. Utsegn som «du er stygg, du er dum» kan etterkvart bli internalisert i den som har vorte mobba sitt medvit og føre til automatiske negative tankar som personen tenkjer om seg sjølv i dei fleste høve. Dette er også kjernetankane ved depresjon. Om ein har opplevd at andre ikkje ønskjer ein vel, kan dette gje grobott for ønskjer om å trekke seg vekk frå andre, og oppleving av at andre ikkje liker ein. Det er dette vi veit er kjerneproblematikken i angstliding.

I den seinare tid har det blitt meir fokus på at mobbing skjer på mange arenaer samtidig. Mellom anna skriv Jan Spurkeland (2004) om 24 timars-mennesket, der vi har med oss heile mennesket i møte med dei ulike arenaer.

Øystein Djupedal la 18.mars 2015 fram rapporten “Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø” (NOU 2015:2). Denne rapporten gir ei grundig og god oppsummering av kunnskapsgrunnlaget om mobbing.

I vårt arbeid har vi henta inspirasjon, kunnskap og tiltak frå dei to sentrale fagmiljøa på mobbing i Noreg, Olweus-miljøet ved RKBV Vest (Universitetet i Bergen) og Læringsmiljøsentret (tidlegare «Senter for atferdsforskning») ved Universitetet i



Stavanger. Nokre av dei sentrale ressurspersonane i Fjell er direkte knytt til Læringsmiljøsenteret.


Olweus og Roland (1983) definerer mobbing som «*gjentatte negative handlinger over tid - utført av en eller flere - mot en som ikke kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen.*» Dette er den same definisjonen som vert lagt til grunn i NOU 2015:2.

«*Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial atferd*» har som hovurmål å redusere eksisterande mobbeprobler og å førebyggje mobbing og skape eit trygt og godt læringsmiljø for alle. Olweusprogrammet er eit tiltaksprogram «med vitenskaplig dokumentert effekt, som ikke krever store økonomiske investeringer; det dreier seg framfor alt om de voksnes holdninger, atferd, rutiner, samt bruk av personalets tid» (web-sida til Olweusprogrammet)

«*I Zeroprogrammet står nulltoleranse overfor mobbing sentralt. I tillegg handlar det om aktiv involvering i heile skulemiljøet og forplikting. Både tilsette, elevar og foreldre skal involverast slik at alle partar får eit eigarforhold til skulen sitt arbeidet mot mobbing*» (web-sida til Læringsmiljøsenteret)

IMPLEMENTERING

I tillegg til kunnskapsgrunnlaget om mobbing har vi i dag eit omfattande kunnskapsgrunnlag for korleis ein kan implementera endringar i ein organisasjon eller eit samfunn. Dean L. Fixsen reknast som den fremste implementeringsforskarer i verda og figur 1 er henta frå ein litteraturgjennomgang frå 2005.



Figur 1 Frå Fixsen et al 2005 "Implementation research"

Både ut frå forsking og ut frå eigen praksis i Fjell veit vi at det tar tid å skape varig endring, minimum 3 – 5 år. Vi veit og at det er nødvendig med støttesystem og systematisk oppfølging. Gjennom organisering med styringsgruppe, kompetansegruppe og referansegrupper tar vi i Trygg i Fjell omsyn til dette. Vi veit også at tett oppfølging frå overordna leiing er viktig. Difor er skulesjef og fleire rektorar med i kompetansegruppa, og alle rektorane vert regelmessig orientert og involvert bl.a. gjennom skuleleiarsamlingar. Det er i tillegg tett kontakt med politisk nivå, med mellom anna politisk representasjon i referansegruppe.

«*Eksempel på hva skoleeier kan gjøre: Kommunestyret har gitt opplæringsadministrasjonen i oppgave å påse at skolene har både kort- og langsiktige planer for å forebygge, avdekke og stoppe mobbing og at disse planene jevnlig blir gjennomgått og evaluert. Det er også laget en overordnet plan mot mobbing som samtidig er en del av et kvalitetssikringssystem, slik det kreves etter opplæringsloven*» (Læringsmiljøsenteret, web)

KLASSELEIING

God klasseleiing, der dei vaksne ser kvar enkelt elev og kva som skjer mellom



elevane i gruppa, er ein grunnleggande føresetnad for å førebygge, avdekke og handtere mobbing i skulen. I Fjell har vi i barnehagane satsa på «De utrolige årene» (Universitetet i Tromsø). På barnesteget har vi implementert Tydeleg, Støttande og førebudd Klasseleiing (TSK), som er eit sjølvutvikla program der vi har fått SINTEF til å evaluere effekten av programmet. På ungdomssteget er programmet Respekt implementert (Læringsmiljøsentret, Universitetet i Stavanger). Respekt inneber både klasseleiing og arbeid mot mobbing.

Klasseleiing er godt dokumentert som noko av det viktigaste ein kan gjere for å betre både læringsutbyttet (Hattie, 2013) og læringsmiljøet (NOU 2015:2).

Dei tre ulike satsingane på vaksne som leiarar (i barnehage, barneskule og ungdomsskule) har vore samkjørt i eit eige prosjekt under namnet «den raude tråden». Her har ein jobba for at dei vaksne skal nytte same språk og at metodar og haldningar er samkjørt. Det har også vore viktig å gjere programma kjent for dei andre systema, slik at ein framsnakkar kvarandre. Felles kompetansebygging og fagleg påfyll for ressurspersonar har også vore sentralt i «den raude tråden».

Dei tre «vaksenleiingsprosjekta» er i siste fase av implementering og på veg over i driftsfase, og for skulane er dei to klasseleiingsprosjekta nå innlemma i det overordna og overgripande prosjektet «læringsleiing».

Støttesystem

Gangstø ressurscenter er eit kommunalt støttesystem for grunnskulen i Fjell. Rettleiarteamet for barneskulane er ein del av ressurscenteret. Rettleiarteamet jobbar på oppdrag frå skulane og er involvert i mange mobbesaker. Gangstø har etterkvart etablert mykje kompetanse på arbeid mot mobbing. I tillegg er ofte andre støttesystem involvert i dei mest krevjande sakene, som skulehelsetenesta, PPT, kommunepsykologane, barneverntenesta og BUP.

Evaluering og datagrunnlag

Den nasjonale elevundersøkinga og dei lokale mobbekartleggingane gir eit grunnlag for å anslå omfanget av mobbing på skulane i kommunen. Bruk av desse resultata på kommunenivå og på den enkelte skule er viktig. Andre grunnlag for evaluering vil også vurderast i prosjektet, til dømes evaluering av gjennomføring av tiltak.

Evaluering og evalueringsgrunnlag (kvalitative eller kvantitative data) er meir utfordrande for delprosjekt utanfor skulen. Kva skal vere mål for desse delprosjekta? Skal det til dømes vere eit mål å avdekke mobbing? Då vil auka mobbetal vere uttrykk for god måloppnåing. Eller skal målet vere å redusere talet på faktisk mobbing. Kva data skal i så tilfelle leggjast til grunn? Dette er det førebels ikkje teke stilling til.

I prosjektplanen er det lagt til grunn ei evaluering etter 3 og 5 år. I tillegg vil vi jobbe kontinuerleg med evaluering av delprosjekt og prosess.



Forankring

- Politisk – Komité for drift har tatt initiativ og blir orientert undervegs
- Skuleleiing (kommuneleiing) – Skulesjef deltar og held rådmannen orientert
- Sentrale frivillige organ (td. Idrettsrådet) – deltar i referansegruppe og forankrar i egne organ om naudsynt
- Sentrale instansar utanfor skule – deltar i referansegruppe
- Representantar for elever og føresette – deltar i referansegruppe og forankrar i egne organ om naudsynt
- Innbyggjarane i Fjell - via lokal presse og kommunens eigen heimeside

Organisering

Det vart frå starten etablert ei kompetansegruppe som rapporterer til skulesjefens leiarteam (strategisk team). Kompetansegruppa blir leia av eit arbeidsutval. Frå starten vart det oppretta ei referansegruppe, som etterkvart vart inndelt i to referansegrupper, ei for offentlege instansar og ei for «frivillige» instansar der både frivillig sektor og politiske organ er med. Det vart tidleg etablert ei eiga gruppe (KAMP-gruppa) for arbeid med kvalitetsutvikling i skulane.

Delprosjekt per mai 2015

Gjennom kontakt med referansegruppene er det fortløpande tatt initiativ til ulike delprosjekt.



IDRETTSRÅDET

Idrettsrådet er eit overordna organ for alle idrettslag i kommunen. I samarbeid med Hordaland idrettskrets har det vore jobba med å få til eit systematisk arbeid mot mobbing, og det er sett i gang eit pilotprosjekt for fotballag 6 til 12 år i Nest-Sotra/Nordre Fjell. Her har alle lag blitt utfordra på å ha 2 foreldrekontaktar (auke frå 1), og desse har saman med trenarane fått ei grunnleggande innføring i avdekking og handtering av mobbing. Oppfølginga lokalt vil skje i regi av FairPlay-koordinatorane i klubbane, og dei vil i sin tur kunne drøfte utfordrande saker i eit nyoppretta konsultasjonsteam der sentrale ressurspersonar frå kompetansegruppa deltek.

KOMMUNALT FORELDREUTVAL

I samarbeid med arbeidsutvalet for det kommunale foreldreutvalet vart det i april 2015 gjennomført ei samling for alle FAU'ane i kommunen. På denne samlinga vart det gjennom informasjon om mobbing og case-drøftingar reflektert om korleis KFU, FAU'ane og kvar forelder kan bidra i arbeidet mot mobbing. Det er førebels tenkt å ha ei årleg samling for FAU'ane etter at FAU er etablert på kvar skule på hausten – i september månad.

BARNEHAGE

Barnehagane i Fjell har jobba veldig aktivt med å etablere gode vaksne leiarar for barnegruppene, jmf det som står over om vaksenleiing (og klasseleiing). I tillegg til at



dei fleste barnehagane no har vore gjennom opplæring i «De utrolige årene», har mange av barnehagane også jobba med «Dinoskule», eit tilleggsprogram til «De utrolige årene» som skal auke barna sin sosiale kompetanse. Begge desse programma reknast som heilt grunnleggjande i det mobbe-førebyggjande arbeidet, men det har tidlegare ikkje vore fokusert særskilt på mobbing i barnehagane.

No er det etablert ei eiga satsing på avdekking og handtering av mobbing også i barnehagane. Delprosjektet skjer i eit samarbeid med rettleiarteamet for barnehagane og styrarane i barnehagane. Det har vore samlingar for alle styrarane i kommunen og det er gjennomført samlingar på ettermiddag med tilbod til alle tilsette i barnehagane. Metodar som vert nytta i skulen vert i dette prosjektet tilpassa til bruk i barnehagane, slik at mobbing kan bli avdekkja og handtert tidlegast mogleg. Barnehagar som har prøvd dette ut rapporterer allereie om gode erfaringar og deler sine erfaringar med dei andre barnehagane.


KVALITET I SKULANE

Sjølvsagt om Trygg i Fjell frå byrjinga var tenkt som eit supplement til arbeidet i grunnskulane i Fjell, var det ved prosjektstart unison semje blant skuleleiarane om at det står att mykje arbeid i skulane når det gjeld mobbing. Det vart difor tidleg etablert ei undergruppe som skulle ha fokus på kvaliteten i arbeidet mot mobbing i skulane. Gruppa fekk namnet KAMP-gruppa, som står for «Kommunens-Anti-Mobbe-Plan-gruppa», og fekk i første omgang ansvar for å samkjøre dei tre mobbeprogramma som vart nytta, og å sikre kvalitet i arbeidet på kvar skule. Det er ikkje nok at skulen har implementert eit anti-mobbeprogram om ikkje skulane driv eit kontinuerleg og omfattande vedlikehalds- og utviklingsarbeid.

I KAMP-gruppa er det med representantar for alle tre programma, samt for klasseleiingsprogramma TSK og Respekt. I arbeidet med å samkjøre alle skulane og dei tre programma, har det mellom anna vore jobba med ei konsekvenspyramide, med samkjørte konsekvensar for mobbing for alle skulane i Fjell. KAMP-gruppa har også jobba med å definere innhald i webmodellen (sjå under) når det gjeld skule.

WEBMODELL

Ved etableringa av Trygg i Fjell tok vi utgangspunkt i ein web-basert interaktiv matrisemodell utvikla av utdanningsdirektoratet. Direktoratet sin modell var inndelt i førebygging, handtering og brukarmedverknad, og med aktørane elev, foreldre, lærar, skuleleiar, skuleeigar og fylkesmann, ei inndeling som reflekterer skule og mellom anna er knytt til rettar og klagehandsaming.



I vår modell er «handtering» delt opp i tre fasar; avdekking, handtering og etterarbeid, og alle aktuelle aktørar i kommunen ligg inne.

Modellen er tenkt å gje kort og tydeleg informasjon, med linkar og meir informasjon ved behov. Modellen er framleis under utvikling.



Referansar:

Fixsen, Dean L., Naoom, Sandra F., Blase, Karen A., Friedman, Robert M. & Wallace, Frances, 2005. [Implementation Research: A Synthesis of the Literature](#). University of South Florida

Hattie, John, 2013. *Synlig læring*. Oslo: Cappelen Damm

NOU 2015:2 [Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø](#)

Sigurdson, Johannes Foss, 2014. «Is involvement in school bullying associated with general health and psychosocial adjustment outcomes in adulthood?» *Child Abuse & Neglect*, volum 38 s 1607 - 1617

Spurkeland, Jan, 2004. *Relasjonsledelse*. Oslo: Universitetsforlaget

Kompetansegruppe april 2015:

- | | |
|--|------------------------------|
| • Jogeir Sognnæs – PPT | arbeidsutval - prosjektleiar |
| • Ingvar Landa – Gangstø ressurscenter | arbeidsutval |
| • Guttorm Helgøy – Gangstø/rettleiarteamet | arbeidsutval |
| • Tore Foldnes – Ågotnes skule | |
| • Cecilie Dahl – Hjelteryggen skule | |
| • Anne-Merete Vabø Haugane – Fjell ungdomsskule | |
| • Gjertrud Ekerhovd – kommunepsykolog | |
| • Marianne Callan Gjerstad – rettleiarteam barnehage | |
| • Frode Monsen – rektor Danielsen skole | |
| • Natalie G. Benito Valkner – elevinspektør Sotra vg | |
| • (Wilhelm Anglevik – Skulesjef – deltar ikkje fast) | |

Referansegruppe “offentlege” april 2015:

- Politiet (Christian Stoutland)
- Kultursjef (Lennart Fjell)
- MOT (Ivar Einarsen)
- Skulehelsetenesta (Louise Armond)
- Barnevernet (Bård Tyldum)
- BUP Øyane (Ingeborg Moldstad)
- Basecamp (Nils Ivar Honningdal)
- Kyrkjeverje / kateket (Annlaug Børve / Mildred Heggernes)
- Ungdomsklubbane (Svein Ekrem)

Referansegruppe “frivillige” april 2015:

- Ungdommens kommunestyre (Rebekka Lunde Hansen og Nora Savland)
- Ungdom med MOT (Eline Kolbjørnsen og Jonas Blomberg)
- Kommunalt foreldreutval (Jan Tommy Fosse)
- Foreldrerepresentantar barnehagar
- Komite for drift (Eva Vik, Elisabeth Sandvik)
- Idrettsrådet (Brita Engeseth og Anita Heggholmen)
- Musikkrådet (Oddvar Rebnord)
- Soknerådet (Dagfinn Wasbø)
- Tremorkirken (Martha Kvam)
- Mental helse Sotra & Øygarden (Lisbeth Milsted)
- Sartor senter / vekterne (Stefan Jensen)
- Frivilligsentralen (Maren Sekkingstad)

